

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 04.09.2013
Sakhandsamar: **Haakon Totland**
Saka gjeld: **Internrevisjonsrapport om pasientreiser**

Arkivsak
2012/570
Styresak 106/13 B

Styremøte 02.10. 2013

Forslag til vedtak

Styret sluttar seg til tilrådingane i rapporten og ber om å bli orientert om det vidare arbeidet med oppfølging av dei tiltak som føretaka sett i verk.

Oppsummering

Internrevisjonen i Helse Vest RHF har samarbeidd med internrevisjonane i dei andre regionale helseføretaka og internrevisjonen i Pasientreiser ANS om denne revisjonen. Det er utarbeidd ein felles revisjonsrapport; denne er teke inn i kapitla 2 – 8 i rapportdokumentet. I same dokumentet er det (s. 51-60) òg ein eigen omtale av Helse Vest.

Formålet med samarbeidsrevisjonen har vært å kartlegge og vurdere i kva grad det er god styring og kontroll i dei sentrale, tverrgåande arbeidsprosessane mellom helseføretak som har pasientreisekontor og Pasientreiser ANS.

I heile landet er det lagt ned eit stort og viktig arbeid på pasientreiseområdet sidan ansvarsområdet blei overført frå NAV og inkludert i dei regionale helseføretaka sitt sørgje for-ansvar. Vi fann at det var etablert mange gode og vel fungerande internkontrolltiltak på dei områda som var omfatta av revisjonen.

Samstundes er det rom for forbetring på nokre av områda. Internrevisjonen tilrår 19 tiltak for styrking av intern styring og kontroll på pasientreiseområdet. Tilrådingane går dels på arbeidsprosesser internt og mellom aktørane, og dels på sjølve styringsmodellen. Ei rekke tilrådingar må etter internrevisjonen si oppfatning bli vurdert og vedtatt av dei regionale helseføretaka. Nokre av tilrådingane retter seg imidlertid mot tilhøve som høyrer inn under ansvaret for dei helseføretaka som har pasientreisekontor, eller Pasientreiser ANS. Dei aller fleste vil krevje samarbeid mellom alle aktørane.

Fakta

Revisjonen har omfatta følgjande områder og prosesser:

- Reiser utan rekvisisjon (enkeltoppgjør)
- Reiser med rekvisisjon (direkteoppgjør)
- Rapportering og oppfølging av statistikk- og styringsdata
- Samhandling mellom helseføretak som har pasientreisekontor, Pasientreiser ANS og dei regionale helseføretaka

Innan området **enkeltoppgjer** er det rom for forbetring av saksbehandlingstida. På **samhandlingsområdet** tilrår vi at RHFa, som eigar av både HFa og Pasientreiser ANS, blir tydelegare i eigarstyringa si av HFa og avklarar leveranse mål også mot dei. Dei største utfordringane finst innan **direkteoppgjer**, der svikt i datasystemet NISSY gir fare både for uriktig rekvisjonspraksis og for til dels store økonomiske tap i oppgjeret med transportørane.

Revisjonen har ikkje omfatta praksisen for bestilling av transport eller prosessane for inngåing av avtalar og samhandling med transportørverksemda, men enkelte sider ved kontrollrutinane på pasientreisekontora er vurdert.

Kommentarar

Revisjonsutvalet får saka til behandling 02.10.13. Behandlinga deira ligg derfor ikkje føre i det dette saksframlegget går ut.

Vedlegg: Rapport frå internrevisjonen i Helse Vest